

REGLEMENT FOR PLANUTVALET OG DRIFTSUTVALET

(vedteke i kommunestyret 19.11.2009 og rev 28.10.2010)

§1.Val og samansetjing

Utvala er oppretta i medhald av kommunelovas § 10, punkt 1 om faste utval. Utvala vert valde for kommunestyreperioden, med det atterhaldet at kommunestyret sjølv når som helst kan omorganisere eller leggje ned faste utval og komitear, jfr. kommunelovas § 10, punkt 6.

Utvala har 7 medlemmer.

Leiar og nestleiar vert valde av kommunestyret. Leiar og nestleiar bør vere medlem av kommunestyret.

§2.Ansvarsområde

Utvala sine hovudoppgåver er å gjere vedtak i dei saker dei er delegera avgjerdsrett jfr delegasjonsreglementet. Utvala skal og uttale seg om saker som vert lagt fram av kommunestyret, formannskapet eller rådmannen.

§3.Sakshandsaming

Rådmannen syter for at dei sakene som vert lagde fram for utvala, er førebudde på forsvarleg måte og i samsvar med gjeldande reglar, jfr. kommunelovas § 23.2. Møteleiar har likevel plikt til å sjå til at saker som vert sette opp på møtekartet, er utgreidde på ein tilfredsstillande måte.

Utvala held møte etter ein oppsett plan, eller når leiaren finn det naudsynt eller 1/3 av medlemmene krev det. Utvala skal så langt råd ha faste møtedagar. Saksdokumenta skal sendast medlemmene som regel minst 7 dagar før møtet.

Utvala kan take avgjerd når minst halvparten av medlemmene er tilstades. Ordføraren, eller den som møter i staden, og rådmannen, eller den som møter i staden, har møte- og talerett og rett til å kome med framlegg.

For sakshandsaminga gjeld og føresegnene i kommunelovas kap 6, jfr kap 2 og 7. I tillegg gjeld reglementet for kommunestyret så langt det høver.

Rådmannen skal sjå til at endelege vedtak i utvala vert sett i verk jfr. kommunelovas § 23.2

§4.Mindretalsanke

Saker som vert avgjort i planutvalet eller driftsutvalet, kan ankast inn for kommunestyret dersom ordføraren og rådmannen eller minst 2 medlemmer krev det. Krav om dette skal setjast fram i møtet, og skal førast i møteboka.